



NYTT  
FRÅ  
**INSTITUTT  
FOR  
INFORMATIKK**



26. JANUAR 2007

### **Innhold**

Ny periode for Kai Olsen.  
Instituttseminar  
Viktige informasjonsmøte.  
Nytt frå instituttrådet  
NOU 2006:19 Akademisk frihet. Høyring.  
Nansenfondet

### **Ny periode for Kai Olsen**



Kai Olsen som har vore professor II ved instituttet sidan 1994 vart i fakultetsstyret 24.1 tilsett for ein ny treårsperiode f.o.m. 1.1.2007. Kai er professor ved Høgskolen i Molde:  
<http://home.himolde.no/~olsen/>

### **Instituttseminar torsdag 1. februar**



**Douglas Rogers**, som vi kjenner som ein framifrå førelesar etter fleire bidrag på instituttseminaret dei siste åra vil førelesa over emnet:  
**After Euler - permutations with and without cycles of prescribed length.**

Torsdag 1. februar kl. 1415, aud. 2144

### **Viktige informasjonsmøte**

7. februar: Om neste utlysning for VERDIKT, Oslo  
15. februar: Om EUs forskingsprogram `Security`  
For meir informasjon, sjå instituttet si intranettside  
<https://intranett.uib.no/uPortal/render.userLayoutRootNode.uP>

## Nytt frå instituttrådet

Instituttrådet hadde møte 23.1. Kommenterar til saker som var oppe:

- **Budsjett for 2007** vart vedtatt. Budsjettet er gjort opp med 36,432 mill i inntekter og 38,577 mill. i utgifter, dvs. eit underskot på om lag 2 millionar.
  - o Ny visualiseringsvegg vil koma på om lag 1,5 mill. Sidan denne ikkje kom på plass i 2006 vart 1 mill. som var sett av overskot i 2006 med tilsvarende underskot i 2007 (resten, 500.000 vart løyvt i 2005 og står som del av tidlegare overskot).
  - o Infrastrukturmidlar for 2007 blir 30.000 for kvar vitenskapleg tilsett. Dette er midlar som blir **disponert av gruppene**, ikkje kvar enkelt.
  - o Satsane for premiemidlar blir 5.000 for master og 10.000 for PhD (som i 2006) og 2.000 for kvart publikasjonspoeng. Dette er midlar som **kvar enkelt disponerer** til **fagleg relevante** aktivitetar/invisteringar.
  - o Administrative reiser på vegne av institutt blir normalt dekkja av instituttet, og det er sett av ein eigen post for slike utgifter (dei har tidlegare vorte ført under diverse). Det vart presisert at dette skal også gjelda deltaking på orienteringsmøte om NFR-program, EU-program, etc. etter avtale med instituttleiar. For å få betre oversyn over slike møte og sikra at vi blir representert vil vi **leggja ut informasjon om slike møte på intranettsida** <https://intranett.uib.no/uPortal/render.userLayoutRootNode.uP> og også informasjon om kven som reiser. Eg vil be om at dei som ynskjer/planlegg å reisa på slike møte tek kontakt og avtalar eventuell bruk av instituttmidlar til dette.
  
- **Tilsetjing av instituttleiar for 2008-2011.** Etter vedtak i universitets-styret skal alle instituttleiar-stillingane lysast ut for kvar periode. Det er fakultetet som står for utlysing og innstilling. Etter reglementet skal instituttrådet vera representert på alle steg i dette arbeidet. Instituttrådet oppnemnde professor Tor Helleseeth og senioringeniør Jan Berger Henriksen til å vera instituttrådet sine representantar.



Tor Helleseeth



Jan Berger Henriksen

## **NOU 2006:19 Akademisk frihet**

NOU 2006:19 er på høring, sjå

[http://odin.dep.no/kd/norsk/dok/hoering/paa\\_hoering/070041-080009/dok-bn.html](http://odin.dep.no/kd/norsk/dok/hoering/paa_hoering/070041-080009/dok-bn.html)

Mat. Nat. har 19.1. gitt uttale til universitetsstyret om saka.

Nokre hovudpunkt (utdrag av dokumentet):

Det matematisk-naturvitenskapelige fakultetet ser at det finnes mange gode grunner til å lovfeste *den individuelle akademiske friheten* for ansatte ved universiteter og høyskoler, og støtter på det sterkeste forslaget om en lovfesting av denne.

I det følgende vil vi redegjøre for to konkrete endringsforslag til utvalgets forslag til lovtekst i universitets- og høyskolelovens §1-5, samt uttrykke noen mer generelle synspunkter:

### *1) Det må skapes et positivt handlingsrom for uavhengig og nysgjerrighetsdrevet forskning*

Universitetene skal være frie og uavhengige institusjoner som blant annet gjennom sin forskning skal bidra til søking etter sann kunnskap og kritisk samfunnsdebatt. Selv om universitetene også er tiltenkt andre roller, som å bidra til næringsutvikling og innovasjon, vil slike bidrag forutsette sterke og basale grunnforskningsmiljøer ved universitetene.

Den største trusselen for individuell akademisk frihet, blir av forskere selv oppfattet som *begrensninger i muligheten til å utføre uavhengig og nysgjerrighetsdrevet grunnforskning*.

Mangel på økonomisk handlingsrom for fagmiljøene, i forhold til de oppgaver de er forventet å utføre, er et økende problem. Både fordi midler til naturvitenskapelig forskning har gått ned, og fordi en stadig økende andel av disse midlene er bundet opp i programmer hvor faglige problemstillinger allerede er definert.

### *2) Kravet om offentliggjøring av forskningsresultater bør styrkes i forslaget til lovtekst*

Vi har forståelse for at det i enkelte tilfeller vil kunne være ønskelig å utsette offentliggjøring av resultater en viss tid, og at det er institusjonens styre som bør gis ansvar for å etablere en praksis med tildeling av slik utsettelse, slik forslaget til ny lovtekst innebærer.

Fakultetet ser imidlertid mulighet for at det kan dukke opp situasjoner der en forsker selv ønsker å publisere sine forskningsresultater, mens institusjonen kunne ønske en utsettelse. Vi foreslår derfor at lovteksten endres slik at dette ikke framstår som en mulighet.

## **Nansenfondet**

”Nansenfondet og de dermed forbundne fond” (sjå: <http://www.nansenfondet.no/>) lyser ut:

### **FRIDTJOF NANSENS BELØNNING FOR FREMRAGENDE FORSKNING**

**Prisen innen realfag og medisin (pt. kr. 150.000,-) kan tildeles norske forskere eller forskere fast bosatt i Norge, som har levert vitenskapelige bidrag av internasjonal betydning på meget høyt nivå.**

**Forslagsrett har [ ....] og for øvrig professorer ved våre universiteter og høyskoler.**

### **FRIDTJOF NANSENS BELØNNING FOR YNGRE FORSKERE**

**Prisen (pt. kr. 50.000,-) kan tildeles norske forskere eller forskere fast bosatt i Norge, som ennå ikke har fylt 35 år. For øvrig gjelder samme regler som for “Fridtjof Nansens belønning for fremragende forskning”.**

**Forslag sendes til:** Nansenfondet og de dermed forbundne fond,  
Det Norske Videnskaps-Akademi,  
Drammensveien 78, 0271 OSLO

**FRIST FOR FORSLAG: 10. FEBRUAR HVERT ÅR**